



Møteinnkalling

Utval:	Bømlo kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen
Dato:	21.09.2023
Tid:	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringja** til Helge Inge Johansen tlf. 40203664 eller til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Ragnhild Ravna Skjærvik
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 25.05.2023	2022/68	
	Politiske saker		
PS 20/23	Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov -handlingsplan	2022/163	
PS 21/23	Henvending gjeldande politisk handsaming av fiskerihamna i Hovlandshagen - skulle vert til avgjerd i KS ?	2022/58	
PS 22/23	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2023	2022/61	
PS 23/23	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028 - Bestilling av prosjektplan	2023/393	
PS 24/23	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028 - Bestilling av prosjektplan	2023/394	
PS 25/23	Kommunedirektør orienterer om etikk og misleg framferd i Bømlo kommune	2022/64	
PS 26/23	Kontrollutvalet si rolle i varslingsaker	2023/397	
PS 27/23	Budsjett 2024 for kontrollutvalet	2022/65	
PS 28/23	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 29/23	Gjennomgang av møteprotokoll frå andre politiske utval	2022/66	
PS 30/23	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne perioden	2022/70	
PS 31/23	Eventuelt	2022/34	
	Referat saker		
RS 3/23	VS: FKT Medlemsinfo juni 2023	2022/31	
RS 4/23	VS: Valg og opplæring av kontrollutvalg for perioden 2023–2027	2022/31	
RS 5/23	VS: Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027	2022/70	

GK 5/23 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2022/68-13

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	6/23	21.09.2023

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 25.05.2023

Møteprotokoll frå møte 25.05.2023 er vedlagt saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Formannskapssalen
Dato:	25.05.2023
Tid:	10:00 - 11:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar	AP
Vegard Enerstvedt	Nestleiar	H
Silje Sivertsen	Medlem	V
Anfinn G. Tolås	Medlem	KRF

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Arne Zahl Røksund	Medlem	SV

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Ingen av varamedlemane kunne møta for Arne Zahl Røksund.

Andre som møtte:

Sammy Olsen	Ordførar
Kjetil Aga Gjøsæter	Kommunedirektør
Jarle Nakken	Økonomisjef (PS 12/23 og 13/23)
Else Holst Larsen	Rekneskapsrevisor, Deloitte AS
Kjersti Gjuvslund	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Ragnhild Ravna Skjærvik
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 3/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.02.2023	2022/68	
Politiske saker			
PS 12/23	Årsmelding og årsrekneskap 2022 for Bømlo kulturhus KF - uttale frå kontrollutvalet	2022/61	
PS 13/23	Årsmelding og årsrekneskap 2022 for Bømlo kommune - Uttale frå kontrollutvalet	2022/61	
PS 14/23	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS - statusrapportering	2022/339	
PS 15/23	Vurdering om Deloitte er uavhengig i høve Bømlo kommune	2022/62	
PS 16/23	Henvending - gjeldande revidert Bømlopakke og omprioritering av prosjekt	2022/58	
PS 17/23	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 18/23	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2022/66	
PS 19/23	Eventuelt	2022/34	

Godkjenningssaker

GK 3/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 25.05.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 4/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.02.2023

Saksprotokoll 25.05.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møte 16.02.2023.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 16.02.2023 vart samrøystes godkjent.

Politiske saker

PS 12/23 Årsmelding og årsrekneskap 2022 for Bømlo kulturhus KF - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Bømlo kulturhus KF i 2022 har eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr.6 000, som gjer eit netto driftsresultat på 0,06 %, langt svakare enn tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet merkar seg og eit disposisjonsfond med 4,45 %, som er noko mindre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på 5 %, og ein lånegjeld på tilfredsstillande 10, 98 %
3. Kontrollutvalet støtter seg elles til Deloitte sin uttale i revisjonsberetning om Bømlo kulturhus KF
4. Uttalen vert sendt kommunestyret via formannskapet

Saksprotokoll 25.05.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart orientert kort om årsrekneskapen 2022 for Bømlo kulturhus KF.

Rekneskapsrevisor orienterte om revisjonsmelding/revisjonsberetning.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Bømlo kulturhus KF i 2022 har eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr.6 000, som gjer eit netto driftsresultat på 0,06 %, langt svakare enn tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet merkar seg og eit disposisjonsfond med 4,45 %, som er noko mindre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på 5 %, og ein lånegjeld på tilfredsstillande 10,98 %
3. Kontrollutvalet støtter seg elles til Deloitte sin uttale i revisjonsberetning om Bømlo kulturhus KF
4. Uttalen vert sendt kommunestyret via formannskapet

PS 13/23 Årsmelding og årsrekneskap 2022 for Bømlo kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2022.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 28 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 21.09.2023 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten
3. Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

Saksprotokoll 25.05.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør og økonomisjef orienterte om årsrekneskapen 2022 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rekneskapsrevisor orienterte om revisjonsmelding, revisjonsrapport og rapport etter forenkla etterlevingskontroll.

Kontrollutvalet vart einig i å stryke vedtakspunkt nr. 2 i forslag til vedtak gjeldande oppfølging av revisjonsrapport nr. 28 i samråd med revisjonen.

Vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

PS 14/23 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eideomsselskap AS - statusrapportering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 25.05.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor orienterte om status på arbeid med forvaltningsrevisjonen.

Framdrifta i prosjektet er i rute. Rapporten skal vera ferdig innan 31.10.2023.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

PS 15/23 Vurdering om Deloitte er uavhengig i høve Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 25.05.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart orientert kort om saka.

Forslag til vedtak var samrøystes

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedrørende om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

PS 16/23 Henvending - gjeldande revidert Bømlopakke og omprioritering av prosjekt

Forslag til vedtak

Henvendinga vert vurdert å ligga utanfor kontrollutvalet sitt mandat. Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll 25.05.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte saka gjeldande henvendinga om revidert Bømlopakke, og vart einig i at dette ikkje er ei sak for kontrollutvalet.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak

Henvendinga vert vurdert å ligga utanfor kontrollutvalet sitt mandat. Kontrollutvalet tek saka til orientering.

PS 17/23 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 25.05.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om:

- Personal og HMS
- Økonomi
- Drift per seksjon
- Investeringar
- Folketalsutvikling
- Kyrkjeasyl og kommunen si rolle

Forslag til vedtak var samrøystes

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 18/23 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 25.05.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokollane vart gjennomgått i møte. Møte i Natur, klima og miljø 23.03 vart avlyst.

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Vedtaket i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som vart gjennomgått i møte til orientering.

PS 19/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vart lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 25.05.2023 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Selskapsinformasjon frå selskap Bømlo kommune har eigarskap i

Sekretariatet har motteke selskapsinformasjon slik det vart bestilt frå kontrollutvalet. Det er mellom anna motteke innkalling og protokoll til generalforsamling/representantskapsmøte.

Dette vert arkivert etter kvart som det kjem inn.

Spørjeundersøking gjeldande organisering av politiske utval

Utvallsleiar orienterte om at dette ligg ute og oppfordrar alle til å svare på denne. Utvalsleiar vil sende link så snart som råd.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen gjeldande at sekretariatet har motteke selskapsinformasjonen til orientering.
2. Utvalsleiar oppfordrar alle til å svare på spørjeundersøkinga gjeldande organisering av politiske utval. Utvalseiar vil senda link.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/163-16

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	20/23	21.09.2023

Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov -handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp betringsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen, men at det står att ein del arbeid.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i kontrollutvalet i 2024. Tilbakemelding vert å senda sekretariatet innan 15.01.2024.

Samandrag

Kommunestyret handsama revisjonsrapporten i møte 24.04.2023 (sak PS 13/23) og vedtaket er i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet. Sekretariatet registrere at kommunedirektør har starta med betringsarbeidet men at det står att ein del arbeid. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunedirektør om ny skriftleg status til møte i kontrollutvalet i 2024.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsplan - oppfølging av forvaltningsrevisjon Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særlege behov

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret handsama revisjonsrapporten i møte 24.04.2023 (PS 13/23), der det vart gjort slik vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektør om å :

1. Sørge for eit planmessig, heilskapleg og systematisk arbeid for barn og unge, under dette:
 - a) Tydeleggjer og plasserer ansvaret for å følgje opp psykisk helsearbeid for barn og unge.
 - b) Syte for at barneverntenesta er tilstrekkeleg involvert i kommunen sitt arbeid som omhandlar førebyggjande arbeid retta mot barn og unge.
2. Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å følgje opp barn og unge på ein god måte, under dette:
 - a) Sørge for at alle tilsette som jobbar opp mot barn, unge og familiar har god kunnskap om meldeplikta til barnevernet, og kva som utløyser denne plikta.
 - b) Å legge til rette for at tilsette som dagleg er i kontakt med barn og unge har tilstrekkeleg kompetanse til å kunne identifisere barn og unge med ulike utfordringar (t.d. rus- og/eller psykiske helseutfordringar og omsorgssvikt).
 - c) Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kjennskap til kommunen sine lågterskeltiltak for utsette barn og familiar.
 - d) Sørge for at alle tilsette kjenner til, og kan bruke, kommunen sitt overordna rammeverk for korleis tilsette skal gå fram dersom deil opplever bekymring for eit barn (BTI-rettleiar og stafettlogg).
3. Sørge for at det er tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver når det gjeld oppfølging av utsette barn og unge i kommunen.
4. Sørge for at det vert etablert nødvendige skriftlege rutinar og retningslinjer for det førebyggjande arbeidet innan barne- og familietenesta.
5. Sørge for at det vert lagt til rette for føremålstenleg samarbeid for å sikre heilskapeleg og samordna oppfølging av, og tenester til, barn og unge med særskilte behov. Under dette:
 - a) Sørge for at kommunen har tilsrekkeleg samarbeid mellom kommunen og Sunnhordland internkommunale barnevernsteneste for å sikre heilskapeleg og samordna tenestetilbod til barn og unge i kommunen.
 - b) Å undersøkje kva som er utfordringa i samarbeidet mellom PPT og skular og følgjer opp eventuelle utfordringar for å sikre at aktørane saman bidrar godt inn i tenestene for barn og unge med behov for oppfølging.
 - c) Sørge for at det er tilstrekkeleg tverrfagleg samarbeid mellom tenester retta mot vaksne (t.d. NAV og rus- og psykisk helseteneste) og tenester retta mot barn og unge, for å legge til rette for tidleg innsats til barn og unge (t.d. barn som er pårørande).
6. Sørge for at det vert sett i verk tiltak som sikrar at tenestene får på plass gode rutinar for å melde frå om manglar eller avvik i samhandlinga for barn og unge.

Dessutan vedtok kommunestyret at det vart laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2023, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følge opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Dette er første gang kontrollutvalet handsamar handlingsplanen. Sekretariatet har motteke tilbakemelding frå kommunedirektør.

Etter det sekretariatet kan sjå står det att ein del arbeid før tiltaka i handlingsplanen er på plass. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet går gjennom handlingsplanen punkt for punkt saman med notat frå kommunedirektør (sjå vedlegg) som beskriv nærare status.

Konklusjon

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber kommunedirektør om ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i kontrollutvalet i 2024.

Handlingsplan

Deloitte.



Forvaltningsrevisjon | Bømlo kommune
Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov
Februar 2023

for oppfølging av «Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særlege behov»

08.09.2023
Kommunedirektøren

Vedteke i kommunestyret dato/år og evt. saksnummer

Bakgrunn

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i sitt møte 24.04.23, sak 13/23:

Kommunestyret ber kommunedirektør om å :

1. Sørge for eit planmessig, heilskapleg og systematisk arbeid for barn og unge, under dette:
 - a) Tydeleggjer og plasserer ansvaret for å følgje opp psykisk helsearbeid for barn og unge.
 - b) Syte for at barneverntenesta er tilstrekkeleg involvert i kommunen sitt arbeid med planar som omhandlar førebyggjande arbeid retta mot barn og unge.
2. Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å følgje opp barn og unge på ein god måte, under dette:
 - a) Sørge for at alle tilsette som jobbar opp mot barn, unge og familiar har god kunnskap om meldeplikta til barnevernet, og kva som utløyser denne plikta.
 - b) Å legge til rette for at tilsette som dagleg er i kontakt med barn og unge har tilstrekkeleg kompetanse til å kunne identifisere barn og unge med ulike utfordringar (t.d. rus- og/eller psykiske helseutfordringar og omsorgssvikt).
 - c) Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kjennskap til kommunen sine lågterskeltiltak for utsette barn og familiar.
 - d) Sørge for at alle tilsette kjenner til, og kan bruke, kommunen sitt overordna rammeverk for korleis tilsette skal gå fram dersom dei opplever bekymring for eit barn (BTI-rettleiar og stafettlogg).
3. Sørge for at det er tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver når det gjeld oppfølging av utsette barn og unge i kommunen.
4. Sørge for at det vert etablert nødvendige skriftlege rutinar og retningslinjer for det førebyggjande arbeidet innan barne- og familietenesta.
5. Sørge for at det vert lagt til rette for føremålstenleg samarbeid for å sikre heilskapleg og samordna oppfølging av, og tenester til, barn og unge med særskilte behov. Under dette:
 - a) Sørge for at kommunen har tilstrekkeleg samarbeid mellom kommunen og Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste for å sikre heilskapleg og samordna tenestetilbod til barn og unge i kommunen.
 - b) Å undersøkje kva som er utfordringa i samarbeidet mellom PPT og skular og følgjer opp eventuelle utfordringar for å sikre at aktørane saman bidrar godt inn i tenestene for barn og unge med behov for oppfølging.
 - c) Sørge for at det er tilstrekkeleg tverrfagleg samarbeid mellom tenester retta mot vaksne (t.d. NAV og rus- og psykisk helseteneste) og tenester retta mot barn og unge, for å legge til rette for tidleg innsats til barn og unge (t.d. barn som er pårørande).
6. Sørge for at det vert sett i verk tiltak som sikrar at tenestene får på plass gode rutinar for å melde frå om manglar eller avvik i samhandlinga for barn og unge.
7. Kommunestyret ber og om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplan med tiltak, frist og ansvar

Mål/tiltak frå det politiske vedtaket	Tiltak	Frist	Ansvar
1. Sørge for eit planmessig, heilskapleg og systematisk arbeid for barn og unge, under dette: a) Tydeleggjer og plasserer ansvaret for å følge opp psykisk helsearbeid for barn og unge. b) Syte for at barneverntenesta er tilstrekkeleg involvert i kommunen sitt arbeid med planar som omhandlar førebyggjande arbeid retta mot barn og unge.	a) Kommunen har utarbeidd ein digital tiltaksoversikt der ansvaret for ulike tilbod er tydeleggjort, inklusiv psykisk helsearbeid for barn og unge. Tiltaksoversikta syner omtale av tilbodet, kontaktpersonar og organisatorisk tilhøyrslø. Ein kan også sortere dei aktuelle tiltaka etter aldersgruppe. Sjå https://bomlo.tiltaksoversikt.no/	16.06.23 (fullført)	SLT-koordinator / kommunalsjef OKI
	b) Barnevernsleiar, eller den som vert utpekt av nemnte leiar, vert kalla inn fast til følgjande utval: a. Arbeidsgruppe <i>Kompetanseløftet</i> b. SLT- arbeidsutval SIB vert også kalla inn til arbeidsgruppemøte knytt til utarbeiding av ny kommunedelplan oppvekst, og evt. andre relevante planar. Deira representasjon må skildrast i evt. planprogram.	01.08.23 (fullført)	Kommunalsjef OKI

Mål/tiltak frå det politiske vedtaket	Tiltak	Frist	Ansvar
2. Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å følge opp barn og unge på ein god måte, under dette: a) Sørge for at alle tilsette som jobbar opp mot barn, unge og familiar har god kunnskap om meldeplikta til barnevernet, og kva som utløyer denne plikta. b) Å legge til rette for at tilsette som dagleg er i kontakt med barn og unge har tilstrekkeleg kompetanse til å kunne identifisere barn og unge med ulike utfordringar (t.d. rus- og/eller psykiske helseutfordringar og omsorgssvikt). c) Sørge for at tilsette har tilstrekkeleg kjennskap til kommunen sine lågterskeltiltak for utsette barn og familiar. d) Sørge for at alle tilsette kjenner til, og kan bruke, kommunen sitt overordna rammeverk for korleis tilsette skal gå fram dersom dei opplever bekymring for eit barn (BTI-rettleiar og stafettlogg).	a) - BTI – handlingsrettleiaren: Informasjon om meldeplikt ligg nedst på alle sidene i rettleiaren https://bomlo.betreinnsats.no/bti-rettleiar/rettleiar/#0/0 - Årleg gjennomgang av meldeplikta i verksemdene ligg som eige kontrollpunkt i sjekkliste i verktøyet <i>Internkontroll Oppvekst</i>. - Ny rutine for bekymringsmelding til barnevernet er utarbeidd og ligg i <i>Compilo</i> (kvalitetsstyringssystemet)	01.04.23 (Fullført)	Kommunalsjef OKI
	b) - Tema for kompetanseheving i samband med <i>Kompetanseløftet</i> - Vert ivareteke i arbeid med handlingsrettleiar BTI og tiltaksoversikta ved at ein har: - Arbeidsgruppe BTI - Ressurspersonar BTI i kvar eining - Oppfølging av handlingsplan i BTI arbeidsutval - Sikring av BTI-rutinar - Opplæringsøkter i bruk av verktøyet	01.10.23 (pågåande)	Kommunalsjef OKI / SLT-koordinator
	c) Tiltaksoversikta vert delt med alle tilsette, vert synt fram i møter for t.d. rektorar, Barne- og familietenesta, barnehagestyrarar, osv.	01.10.23 (pågåande)	Kommunalsjef OKI
	d) - Regelmessige kurs og nettverk i bruk av handlingsrettleiar og stafettlogg - Del av introduksjonsprogram for nytilsette	01.10.23 (pågåande) 01.01.24	SLT-koordinator Kommunalsjef

Mål/tiltak frå det politiske vedtaket	Tiltak	Frist	Ansvar
3. Sørge for at det er tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver når det gjeld oppfølging av utsette barn og unge i kommunen.	- Vedlikehalde den kommunale tiltaksversikta på https://bomlo.tiltaksversikt.no/ og BTI-rettelær. - Gjennomgå nasjonal rettelaar med leiarane: https://www.helsedirektoratet.no/valeidere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier	Løpande 01.10.23	SLT-koordinator Kommunalsjef Kommunalsjef

Mål/tiltak frå det politiske vedtaket	Tiltak	Frist	Ansvar
4. Sørge for at det vert etablert nødvendige skriftlege rutinar og retningslinjer for det førebyggjande arbeidet innan barne- og familietenesta.	- Oppdatere omtale av Barne- og familietenesta (BFT) sine tenester på nettsida i tråd med https://bomlo.tiltaksversikt.no/tiltak - Vurdere evt. supplerande interne rutinar i tråd med ny nasjonal rettelaar Det førebyggjande arbeidet vert også omtala i revidert kommunedelplan for oppvekst (KDPO)	01.11.23 01.01.24	Verksamdsleiar BFT Verksamdsleiar BFT

Mål/tiltak frå det politiske vedtaket	Tiltak	Frist	Ansvar
5. Sørge for at det vert lagt til rette for føremålstenleg samarbeid for å sikre heilskapleg og samordna oppfølging av, og tenester til, barn og unge med særskilte behov. Under dette: a) Sørge for at kommunen har	a) - Faste møter mellom barnevernet (SIB) og Barne- og familietenesta (BFT) vert formalisert - SLT-arbeidsutval – møte to gonger i halvåret. Både barnevernet og Barne- og familietenesta er representerte her	01.11.23 Løpande	Kommunalsjef SLT-koordinator

tilstrekkeleg samarbeid mellom kommunen og Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste for å sikre heilskapleg og samordna tenestetilbod til barn og unge i kommunen. b) Å undersøkje kva som er utfordringa i samarbeidet mellom PPT og skular og følgjer opp eventuelle utfordringar for å sikre at aktørane saman bidrar godt inn i tenestene for barn og unge med behov for oppfølging. c) Sørge for at det er tilstrekkeleg tverrfagleg samarbeid mellom tenester retta mot vaksne (t.d. NAV og rus- og psykisk helseteneste) og tenester retta mot barn og unge, for å legge til rette for tidleg innsats til barn og unge (t.d. barn som er pårørende).	b) - Gjennomgå kartlegginga av BTI-samarbeidet - Arbeid med <i>Kompetanseløftet</i> i samarbeid med NLA høgskulen - Månadlege møter mellom kommunalsjef, rådgjevarar oppvekst og tilsette i PP-tenesta - Faste dagar på skular/barnehagar for PPT-tilsette c) - SLT-arbeidsutval er fast møtepunkt også med vaksentenestene 4 gonger per år. - Faste møte i rusførebyggjande team	01.10.23	SLT-koordinator
		Løpande frå 01.09.23	Kommunalsjef
		Løpande	Kommunalsjef
		Løpande	PPT-avdelingsleiar og verksemdsleiar BFT
		Løpande	SLT-koordinator
		Løpande	SLT-koordinator

Mål/tiltak frå det politiske vedtaket	Tiltak	Frist	Ansvar
6. Sørge for at det vert sett i verk tiltak som sikrar at tenestene får på plass gode rutinar for å melde frå om manglar eller avvik i samhandlinga for barn og unge.	- Sikra at avviksmodulen i Compilo legg til rette for å velje samhandling som kategori ved registrering av avvik - Gjere nasjonal rettleiar kjend i tenestene: https://www.helsedirektoratet.no/v-eiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier - Drøfte korleis avvik på samhandling skal følgjast opp i tverrfaglege og tverretatlege møte	01.10.23	Kommunalsjef
		01.11.23	Kommunalsjef
		01.11.23	Kommunalsjef



Saksframlegg

Saksnr: 2022/58-19

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	21/23	21.09.2023

Henvending gjeldande politisk handsaming av fiskerihamna i Hovlandshagen - skulle vert til avgjerd i KS ?

Forslag til vedtak

Henvendinga vert vurdert å ligga utanfor kontrollutvalet sitt mandat, ut i frå at det er kommunestyret som må vurdere om denne saka eventuelt er eit brot på delegasjonsreglementet . Kontrollutvalet tek elles saka til orientering.

Samandrag

Sekretariatet har motteke henvending frå nestleiar Vegard Enerstvedt gjeldande saka, der han ønskjer å leggje fram saka til diskusjon i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har motteke slik henvending (i epost 19.06.2023), frå nestleiar Vegard Enerstvedt gjeldande saka, der det mellom anna kjem fram:

«I Formannskapet 01.06 blei saka PS14/2023: «Utvikling av fiskerihamn i Hovlandshagen – etablering av «Hovlandshagen Utvikling AS» med Karmsund havn IKS». Saka handlar om korleis industriområdet i Hovlandshagen i Langevåg skal utviklast. Saken går ut på om ein skal etablera eit felles selskap saman med Karmsund Hamn Eigedom AS. Formannskapet gjekk inn for dette.

Dette har skapt ein del debatt og det er fleire aspekt med saka som er problematiske. For det første kom sentrale dokument (selskapsvedtekter og aksjonæravtale) ut til medlemmane dagen før. Her mangla det også sentral informasjon som verdien på egenkapitalinnskota til partane. Når sentral informasjon kjem seint eller i møte gjer det det vanskelegare for medlemmane i Formannskapet å ta gode avgjerer. Vidare kan det stillast spørsmål med om saka har blitt godt nok belyst i saksutgreiinga.

For det andre er det eit spørsmål med om ei så viktig prinsipiell sak i det heile tatt kan avgjerast i Formannskapet eller om den må opp i Kommunestyret. Kommunestyret kan delegera mynde til å treffa vedtak i saker som «ikkje har prinsipielle betydning», jf. Kommunelova §5-4. I Bømlo Kommune sitt delegasjonsreglement, punkt 1.2.2., står det «Prinsipielle saker om å kjøpa, avhenda, makeskifta, eller pantsetja fast eigedom, og vedtak om å gje frå seg eller hefta bort nokon rett til fast eigedom.» som døme på sakar som ikkje kan delegerast.

Prinsipielle sakar er definert som:

- Avgjerd der det må utøvast skjønn
- Avgjerd der det må gjerast politiske vurderingar eller prioriteringar
- Avgjerd som innfører ein ny praksis
- Avgjerd som fører til økonomiske konsekvensar ut over ramma for området

Dette næringsområdet har stor verdi både for Bømlo Kommune (som eig to eigedommar), for lokalsamfunn og næringsliv. Det kan altså argumenterast for at dette er eit prinsipielt viktig sak som burde opp i kommunestyret.

Det er altså to spørsmål her:

- Er dette ei prinsipielt viktig sak?
- Er saka godt nok utgreia?»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet er orientert om at kommunedirektør kjem til møtet for å orientera om saka.

Kontrollutvalet har vedteke retningslinjer for handtering av henvendingar i møte 29.09.2022. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer saka ut i frå gjeldande retningslinjer.

Konklusjon

Henvendinga er, slik sekretariatet ser det, ikkje ei sak for kontrollutvalet. Dette ut i frå at det er kommunestyret som må vurdere om det føreligg brot på gjeldande delegasjonsreglement.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/61-33

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	22/23	21.09.2023

Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2023 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 30.11.2023 med frist for levering til sekretariatet 09.11.2023.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2023 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Samandrag

Kontrollutvalet i Bømlo kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. I denne saka skal den valde revisor, Deloitte, presentere sin plan for gjennomføring av rekneskapsrevisjonen, kva som er gjort av rekneskapsrevisjon så langt og risiko- og vesentlegvurdering dei har føreteke om forenkla etterlevingskontroll for 2023.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Bømlo - Revisjonsplan og risikovurdering 2023
- 2 Risiko- og vesentlegheitsvurdering Bømlo 2023

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Bømlo kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Denne saka er eit ledd i oppfølginga av dette.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommuneleva § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»*

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vurderingar og verknader

Etter sekretariatet si oppfatning er Deloitte sin revisjonsplan 2023 og revisor si risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2023 to sider av same sak. Det er difor naturleg at desse to tilhøva vert handsama i same sak.

Kontrollutvalet si behandling av revisjonsplan, informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt og risiko- og vesentlegvurdering i høve forenkla etterlevingskontroll som skal utførast i 2023, vil vere eit ledd i å sjå til at kommunen sin rekneskap vert revidert på ein trygg måte. Revisjonsplanen og risikovurderinga for etterlevingskontroll er vedlagt saka. Det er ønskje om at interimrevisjonsrapport vert lagt fram i siste kontrollutvaldsmøte av året.

Når det gjeld kontrollutvalet sitt ansvar i høve kommunelova § 24-9 om forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga er det naturleg at Deloitte legg fram sin uttale om resultatet av denne i same møte som årsrekneskapen for 2023 skal behandlast, normalt i mai-møtet i 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte til orientering.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at interimstrevisjonsrapport 2023 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 30.11.2023, med frist for levering til sekretariatet innan 09.11.2023.

Det vert også tilrådd at kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2023 skal behandlast, normalt i mai-møtet i 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.



Revisjonsplan og risikovurdering 2023

Bømlo kommune




MAKING AN
IMPACT THAT
MATTERS
since 1845

Revisjonsplan

Bømlo kommune 2023

September



Revisjonsplan, risikovurdering revisjon og risiko- og vesentlegheitsvurdering forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga vert handsama i kontrollutvalet
Møte med administrasjonen om rutiner og forbedringer.

Oktober



Interimrevisjon

Oppstartsmøte med rådmann og administrasjon
Kartlegging av rutiner og testing av kontrollar
Detaljkontrollar inntekter og utgifter

November



Oppsummering interimrevisjon vert handsama i kontrollutvalget

Mars/April



Årsoppgjer

Balansepostar
Årsmelding
Konsolidert rekneskap
Forenkla etterlevingskontroll økonomiforvaltning

April/Mai



Årsmelding, årsrekneskap, revisjonsmelding, revisjonsrapport og uttale frå forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga vert handsama i kontrollutvalet

Attestasjonar

Risikovurdering

Bømlo kommune 2023



Lav



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Inntekter	Predefinert høg risiko knytt til inntekter. Mange transaksjoner av ulik art og mogleg incentiv for mislegheiter knytt til inntektsføring.	
Meirverdiavgift	Komplisert regelverk, mange transaksjonar, mange tilsette involvert i prossesering av inngåande faktura og utfakturering. Risiko for forelding ved meirverdiavgiftskompensasjon og at kommunen urettmessig gjer krav på kompensasjon.	
Pensjon	Vesentlege forpliktingar og midlar, kompliserte regelverk og rekneskapsmessig behandling, viktig for den enkelte tilsett at opplysingar er korrekt registrerte hos pensjonsleverandør.	
Skillet investering/drift	Forskrift og standard regulerar avgrensing. Vesentleg for adgang til lånefinansiering.	
Utgifter	Risiko knytt til regelverk for offentleg anskaffing og mange tilsette involvert i prosessering av inngåande faktura.	
Anleggsmidlar	Vesentlege verdier. Risiko for feilaktig aktivering og manglande avskrivingar. Store investeringar.	

Risikovurdering

Bømlo kommune 2023

 Lav

 Middels

 Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Bank	Risiko knytt til tilgong til bankkontoar og utbetalingsrutiner.	
Låneopptak	Låneopptak vert regulert av kommunelov og heradsstyret sitt budsjettvedtak. Minimumsavdrag viktig storleik.	
Bundne fond	Risiko for at avsetjing og bruk ikkje er iht. lov, forskrift eller gjevar sine vilkår.	
Avslutting av regnskapet	Risiko for feil bruk av strykingsregler	
Offentlege avgifter	Risiko for fullstendigheit og nøyaktigheit.	
Reiseutgifter	Ikkje avvik i 2022 revisjonen.	

Risikovurdering

Bømlo kommune 2023



Lav



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Løn	Svært mange transaksjonar gjev liten risiko for vesentlege feil. Velfungerande prosess og kontrollar.	
Aksjar og andelar	Risiko for verdsetjing.	
Andre kortsiktige fordringar	Risiko for eksistens og verdsetjing.	
Annan kortsiktig gjeld	Risiko for fullstendigheit.	
Leverandørgjeld	Risiko for fullstendigheit og periodisering (sett i samanheng med periodisering utgifter).	
Kundefordringar	Fordringsmasse består av mange mindre fordringar, liten risiko for vesentlege feil. Rutiner for purring og tapsavsetjing og tryggleik for krav gjennom legalpant for kommunale avgifter og eigedomsskatt.	
Noteopplysingar	Risiko for at notar inneholder feil eller at forskriftsbestemte noteopplysingar manglar.	



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 345,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.

Forenkla
etterlevingskontroll med
økonomiforvaltninga
- risiko og
vesentlegheitsvurdering



Forenkla etterlevingskontroll

- rekneskapsrevisor medverker til at kontrollutvalet får hjelp til å dekke sitt ansvar for å sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga foregår i samsvar med gjeldande bestemmelsar og vedtak.


Kommunelova § 24 -9:

Rekneskapsrevisor skal sjå etter om kommunen eller fylkeskommunen si økonomiforvaltning i hovudsak foregår i samsvar med bestemmelsar og vedtak.

Revisor skal basera oppgåva på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering, som skal leggst fram for kontrollutvalet.

Revisor skal seinast 30. juni avgje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet,..., om resultatet av kontrollen.

RSK 301: Forenklet etterlevelsesskontroll med økonomiforvaltningen



Risiko- og vesentlegheitsvurdering forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Bømlo kommune 2023

 Lav

 Middels

 Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Refusjon sjukepengar	Risiko for at : - kommunen ikkje har rutiner som sikrar at krav på refusjon sjukepengar vert handsama tidsriktig og at krav derfor kan gå tapt - kommunen ikkje har rutiner for tapsføring av forelda krav på sjukepengar	
Sjølvkost	Risiko for at: - sjølvkostområda vert belasta utgifter som ikkje er relevante - kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner for vurdering av kostnadseffektivitet på sjølvkostområdet - kommunen ikkje har ei forvaltning av sjølvkostfonda som er i tråd med lov og forskrift (nedbygging innan fem år)	
Tilskot	Risiko for at: - kommunen ikkje søker på aktuelle tilskot - kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner rapportering knytt til tilskot - Kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner for føring av prosjektrekneskap	

Risiko- og vesentlegheitsvurdering forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Bømlo kommune 2023

 Lav

 Middels

 Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Investeringsprosjekt	Risiko for at: - kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner for prosjektstyring - det ikkje vert ført prosjektrekneskap - investeringsprosjekt har vesentlege overskridingar	
Innkjøp	Risiko for at kommunen ikkje følgjer: - regelverket om offentlig anskaffing - interne rutiner for innkjøp	
Budsjettavvik	Risiko for at kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner ved budsjettavvik, herunder at: - einingar med vesentlege budsjettavvik ikkje vert følgde opp - det ikkje vert gjort budsjettjusteringar - det ikkje vert rapportert til kommunestyret	
Budsjettprosess	Risiko for at: - kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner for budsjettprosessen - budsjettet ikkje er realistisk - budsjettet ikkje er vedteke i balanse - det ikkje er budsjettert med inndekking av meirforbruk frå tidlegare år	

Risiko- og vesentlegheitsvurdering forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Bømlo kommune 2022

 Lav

 Middels

 Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Oppfølging av vedtak	Risiko for at: - vedtak fra kommunestyret ikkje vert følgde opp - vedteke gebyrregulativ ikkje vert nytta korrekt og det vert fakturert med feil satsar eller feil frekvens	
Offentleg støtte	Risiko for at kommunen yt offentlig støtte ved å: - tilby lån til gunstige vilkår - sel eller leiger ut tenester eller driftsmidlar til underpris - kjøper eller leiger tenester eller driftsmidlar til overpris - utviklar infrastruktur som kjem enkelte foretak til gode uten at det vert betalt vederlag - unnlet å krevja inn kommunale avgifter og skattar - betalar overkompensasjon for utføring av allmennyttige tenester	
Rekneskapsavslutting	Risiko for at: - kommunen ikkje ferdigstillar årsrekneskap og årsmelding iht. frist - rapportering av årsrekneskapen til KOSTRA ikkje vert gjort tidsriktig - kommunen ikkje har utarbeidd alle forskriftsbestemte oppstillingar av rekneskapen - kommunen ikkje har utarbeidd dokumentasjon av alle vesentlege balansepostar	

Risiko- og vesentlegheitsvurdering forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Bømlo kommune 2023

 Lav

 Middels

 Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Finansreglement	Risiko for at: - kommunen ikkje har eit vedteke, oppdatert og kvalitetssikra finansreglement. - kommunen ikkje overheldt finansreglementet, herunder: - rapportering ikkje vert utført iht. reglement - avvik ikkje vert følgde opp	
Økonomireglement	Risiko for at : - kommunen ikkje har eit vedteke økonomireglement iht. kommunelova § 14-2, d) - økonomireglementet er mangelfullt	



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 345,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/393-1

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	23/23	21.09.2023

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028 - Bestilling av prosjektplan

Forslag til vedtak/uttale

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 09.11.2023, laga eit forslag til prosjektplan som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventet levering.

Prosjektplanen skal omfatta:

- a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Bømlo kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
 - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet sitt møte 30.11.2023.
 3. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2024.

Samandrag

I starten av ny valperiode skal det utarbeidast ny plan, slik det kjem fram av kommuneloven. Bestilling av dette planarbeidet vert gjennomført i siste møte i valperioden, slik at det nye kontrollutvalet får handsama dette i første møte. Ein tek sikte på at kommunestyret skal godkjenne planen i første halvår 2024.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Av § 23-3 kjem det fram bl.a. dette gjeldande forvaltningsrevisjon:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Nytt i forhold til gjeldande kommunelov er at plan for forvaltningsrevisjon no og skal innehalda eventuelle forvaltningsrevisjonar i selskap som kommunen har eigarskap i.

Dette inneber at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må sørgja for:

- å gjennomføra ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.
- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2020 – 2024 basert på den gjennomførte risiko og vesentlegvurderinga
- at planen blir vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.
- fram til ny plan er vedteken vil plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 gjelda

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har i tråd med kommunelova §§ 23 og 24 vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre prosess med å utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll og kommunestyret skal gjere vedtak i saka.

Vurderingar og verknader

Gjennomføring av ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap, og utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon, kan gjerast av den valde revisor, sekretariatet eller anna eksternt selskap med kompetanse på området. Det som er mest vanleg i dei kommunar me er sekretariat for er å be den valde revisor, Deloitte, gjennomføra oppdraget.

Deloitte har vore revisor for kommunen nokre år og kjenner organisasjonen temmeleg godt. Det gjer at dei vil ha eit godt grunnlag for å gjennomføra dette arbeidet på ein god måte. Kontrollutvalet bør og drøfta seg fram til enkelte føringar for gjennomføring av arbeidet. Slike føringar kan f.eks. vera kven som bør involverast i gjennomføringa av risiko og vesentlegvurderinga, i kor stor grad kontrollutvalet sjølv bør involverast i arbeidet, kor djupt skal analysen gå (omfanget), kor mange timar skal ein kunna bruka på jobben og når skal arbeidet leverast ferdig til kontrollutvalet for endeleg handsaming. Denne drøftinga bør munna ut i ei skisse for vidare framdrift i saka.

Det skal og utarbeidast plan for eigarskapskontroll i løpet av 2024, jf. anna sak til dette møtet, og det vil vera føremålstenleg og kostnadssparande å sjå arbeidet med utarbeiding av begge planane

under eitt. Dersom ein skal dela dette arbeidet opp i eit prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt innan eigarskapskontroll, vil det truleg føra til meir ressursbruk.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeida forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderingar av Bømlo kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Vidare bør prosjektplanen omfatta utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028, inkludert ressursbruk og forventa levering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/394-1

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	24/23	21.09.2023

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028 - Bestilling av prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 09.11.2023, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventet levering.

Prosjektplanen skal omfatta:

- a. Korleis risiko og vesentlegvurdering av Bømlo kommune sine eigarskap i selskap skal gjennomførast
 - b. Forslag til korleis arbeid med plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte for det nye kontrollutvalet, 30.11.2023.
 3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for eigarskapskontroll kan leggast fram for kommunestyret innan juni 2024.

Samandrag

I starten av ny valperiode skal det utarbeidast ny plan, slik det kjem fram av kommuneloven. Bestilling av dette planarbeidet vert gjennomført i siste møte i valperioden, slik at det nye kontrollutvalet får handsama dette i første møte. Ein tek sikte på at kommunestyret skal godkjenne planen i første halvår 2024.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kommunelova (§ 23-4) kjem det fram slik informasjon gjeldande eigarskapskontroll:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Plan for eigarskapskontroll skal ikkje innehalda forvaltningsrevisjon i selskap som kommunen har eigarskap i. Desse skal eventuelt inn i plan for forvaltningsrevisjon.

Dette inneber at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må sørgja for:

- å gjennomføra ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap i selskap.
- å utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2024 – 2028, basert på den gjennomførte risiko- og vesentlegvurderinga.
- at planen blir vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.
- fram til ny plan er vedteken vil plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 gjelda.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har i tråd med kommunelova §§ 23 og 24 vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre prosess med å utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll og kommunestyret skal gjere vedtak i saka.

Vurderingar og verknader

Gjennomføring av ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap i selskap, og utarbeiding av forslag til plan for eigarskapskontroll, kan gjerast av den valde revisor, sekretariatet eller anna eksternt selskap med kompetanse på området. Det som er mest vanleg i dei kommunar me er sekretariat for er å be den valde revisor, Deloitte, gjennomføra oppdraget. Deloitte har vore revisor for kommunen nokre år og kjenner organisasjonen temmeleg godt. Det gjer at dei vil ha eit godt grunnlag for å gjennomføra dette arbeidet på ein god måte.

Kontrollutvalet bør og drøfta seg fram til enkelte føringar for gjennomføring av arbeidet. Slike føringar kan f.eks. vera kven som bør involverast i gjennomføringa av risiko og vesentlegvurderinga, i kor stor grad kontrollutvalet sjølv bør involverast i arbeidet, kor djupt skal analysen gå (omfanget), kor mange timar skal ein kunna bruka på jobben og når skal arbeidet leverast ferdig til kontrollutvalet for endeleg handsaming. Denne drøftinga bør munna ut i ei skisse for vidare framdrift i saka.

Det skal og utarbeidast plan for forvaltningsrevisjon i løpet av 2024, jf. anna sak til dette møtet, og det vil vera føremålstenleg og kostnadssparande å sjå arbeidet med utarbeiding av begge planane under eitt. Dersom ein skal dela dette arbeidet opp i eit prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt innan eigarskapskontroll, vil det truleg føra til meir ressursbruk.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeida forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderingar av Bømlo kommune sine eigarskap i selskap. Vidare bør prosjektplanen omfatta utarbeiding av forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028, inkludert ressursbruk og forventa levering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/64-1

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	25/23	21.09.2023

Kommunedirektør orienterer om etikk og misleg framferd i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering
2. Utvalet tilrår at tilsvarende sak vert sett på sakslista i siste møte i 2024.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal få orientering frå kommunedirektør på korleis status er i Bømlo kommune når det gjeld arbeid med etikk og misleg framferd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er ønskeleg at kommunedirektør orienterer kontrollutvalet om status når det gjeld arbeid med etikk og misleg framferd i Bømlo kommune. Ei slik orientering kan t.d. innehalde slike opplysningar:

1. Kva er gjort på etikk området siste året?
2. Kva er planlagt å gjera innan etikk det neste året?
3. Er det gjennomført dilemmatrening?
4. Er det halde kurs eller seminar om etikk?
5. Generell informasjon om omfang og handtering av eventuell misleg framferd i kommunen
6. Osv.

Omgrepet misleg framferd vert definert slik i revisjonsstandar ISA 240

<https://www.revisorforeningen.no/fag/standarder-og-veiledninger/revisjonsstandardene/>:

«En bevisst handling begått av en eller flere personer innen ledelsen, av personer som har overordnet ansvar for styring og kontroll, av ansatte eller av andre, som innebærer uredelighet for å oppnå en urettmessig eller ulovlig fordel.»

KS og Transparency International Norge (TI Norge) har laga ei dilemmasamling om refleksjon rundt etikk og antikorrupsjon i kommunar og fylkeskommunar som finns på denne lenkja:

[Dilemmasamling for kommuner og fylkeskommuner - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)

Det vil vera ei føremon om det også vert orientert om kommunen har laga eit Antikorrupsjonsprogram eller har vurdert å lage eit slikt program. Jf. i den forbindelse «Håndbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen» som du finn på denne lenkja:

[Beskytt-kommunen-Handbok-i-antikorrupsjon.pdf \(ks.no\)](#)

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommuneloven § 23-2.

Vurderingar og verknader

Det er gjort avtale med kommunedirektør i epost 07.09.2023 om at han kjem i dette møtet for å orientere kontrollutvalet om temaet. Sekretariatet ser dette som eit viktig saksfelt for kontrollutvalet og tilrår at utvalet har tilsvarande sak oppe med jamne mellomrom.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, samt kjem med tilråding om at kontrollutvalet i neste valperiode handsamar tilsvarande sak i siste møte i 2024.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/397-1

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	26/23	21.09.2023

Kontrollutvalet si rolle i varslingsaker

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret har intensjon om at kontrollutvalet, av omsyn til naudsynt uavhengigheit, ikkje lenger skal ha ei rolle i varslingsaker slik det er omtala i «Varslingsrutine for tilsette og folkevalde i Bømlo kommune» i punktet « 7. Kven kan ein varsla til ?».
2. Kommunestyret vedtek at rutinane for varslingsrutine for tilsette og folkevalde i Bømlo kommune», skal reviderast i tråd med det som går fram av punkt 1.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal komme med innspel til endringar i «Varslingsrutine for tilsette og folkevalde i Bømlo kommune» når det gjeld kontrollutvalet si rolle i varslingsaker.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 BK_-_Rutine_-_Varsling_jf_etiske_retningslinjer

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I «Varslingsrutine for tilsette og folkevalde i Bømlo kommune (sjå vedlegg), kjem det fram slik informasjon om kontrollutvalet (s.2).

Det vil alltid vara forsvareleg å varsle til:

- Kontrollutvalet

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Ved forvaltningsrevisjonar mv. er det kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Ved dette høve har kontrollutvalet, gjennom reglement, fått ein funksjon ift. varsling. Kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan, og må kunna rapportera attende om utvalet kjenner på at utvalet er tildelt ein rolle som kan vera problematisk ift. uavhengigheit.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet meiner at det er problematisk i høve uavhengigheit at kontrollutvalet skal ha ei rolle i varslingssaker. Dette vert m.a. grunngeve i at kontrollutvalet samstundes skal ha ansvar for å gjennomføre forvaltningsrevisjon når det gjeld korleis kommunen sine varslingsrutinar er utforma og korleis dei vert praktisert. Det vil kunne medføre at kontrollutvalet kan møte seg sjølv i døra i gjennomføringa av ein slik revisjon. Det vil samstundes vera problematisk for revisor å bistå kontrollutvalet i eit slikt arbeid dersom dei tidlegare har levert ein rapport om varsling. Det vil kunne vera med på å svekke tilliten til varslingsinstituttet.

Det bør på bakgrunn av dette vurderast om kontrollutvalet, av omsyn til naudsynt uavhengigheit, ikkje skal ha ei rolle i varslingssaker. Noverande rutinar for varsling bør difor reviderast.

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet tar opp med kommunen at utvalet, av omsyn til naudsynt uavhengigheit, ikkje lenger skal ha ei rolle i varslingssaker slik det er omtala i «Varslingsrutine for tilsette og folkevalde i Bømlo kommune» i punktet « 7. Kven kan ein varsle til ?».

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet føreslår for kommunen at rutineane for varsling vert revidert i tråd med dette.

Varslingsrutine jfr. etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Bømlo kommune

1. Bakgrunn

Arbeidsmiljølova Kap. 2 A Varsling

§ 2 A-1. Rett til å varsle om kritikkverdige forhold i virksomheten

(1) Arbeidstaker har rett til å varsle om kritikkverdige forhold i arbeidsgivers virksomhet. Innleid arbeidstaker har også rett til å varsle om kritikkverdige forhold i virksomheten til innleier.

(2) Arbeidstakers fremgangsmåte ved varslingen skal være forsvarlig. Arbeidstaker har uansett rett til å varsle i samsvar med varslingsplikt eller virksomhetens rutiner for varsling. Det samme gjelder varsling til tilsynsmyndigheter eller andre offentlige myndigheter.

(3) Arbeidsgiver har bevisbyrden for at varsling har skjedd i strid med denne bestemmelsen.

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Bømlo kommune

2. Formål og omfang

Ytringsfridom er ein grunnleggjande rett for tilsette i Bømlo kommune. Det er ein viktig forutsetning for eit godt arbeidsmiljø at tilsette har høve til å fremja sakleg og konstruktiv kritikk. Tilsette i Bømlo kommune skal kjenna at det er ynskjeleg og trygt å sei frå om bekymringar og kritikkverdige tilhøve, og ein skal leggja til rette for at tilsette kan varsle på ein forsvarleg og trygg måte gjennom å nytte eigne utarbeidde rutinar.

Denne rutinen gjeld for alle tilsette i Bømlo kommune.

3. Definisjon varsling

Varsling er å formidla vidare informasjon om kritikkverdige tilhøve til nokon som kan syte for at tilhøva vert retta opp.

Varsling kan bidra til avdekka kritikkverdige forhold og hindra at nye oppstår, til kvalitetssikring av våre tenester og til merksemd rundt den etiske åtferd Bømlo kommune ynskjer.

4. Kva skal ein varsle om

Ein skal varsle om kritikkverdige forhold som har ein viss ålmenn interessa, som ikkje er ålment kjent eller tilgjengeleg. Kritikkverdige tilhøve kan vera:

- Brot på interne retningslinjer, lovar / sjå prosedyre Avvik vs Varsling
- Mobbing og trakassering eller anna uetisk og kritikkverdig åtferd, sjå eige reglement: *Reglement for handtering av konflikhtar, utilbørleg åtferd og trakassering*
- Korrupsjon

- Maktmisbruk
- Underslag, tjuveri og økonomisk misleghald
- Misleghald av lovpålagde forbod eller påbod
- Uforsvarleg handsaming av klientar
- Brot på teieplikt
- Diskriminering
- Brot med ålmenne etiske standardar i samfunnet

5. Varslinga si form

Varselet kan vera munnleg eller skriftleg. Det kan ikkje setjast formelle krav til innhaldet i ei varsling, men det vert tilrådd å varsla skriftleg og at det vert formulert sakleg og nøktern. (Bruk skjema)

Varsling med namn er ynskjeleg og vil betra sakshandsaminga. Varslaren sin identitet skal så langt som råd er, handsamast fortruleg av alle involverte partar.

Varsling kan gjerast anonymt, men det må stillast strengare krav til opplysningar kring fakta ved ein anonym varsling, då ein ikkje har moglegheit til å be om ytterlegare opplysningar frå varslaren.

6. Forsvarleg varsling

Varsling skal skje forsvarleg. Dette stiller krav til at du som tilsett har sakleg grunnlag for kritikken, er i god tru om dei faktiske kritikkverdige tilhøva, tek omsyn til tilsette og verksemda i måten du varslar på. Du må og har gjort ei vurdering i kva grad desse opplysningane vil skade Bømlo kommune sitt omdømme.

Det er ønskeleg at intern varsling som hovudregel skal vera prøvd før eventuell ekstern varsling.

7. Kven kan ein varsla til?

Det vil alltid vera forsvarleg å varsle til:

- Næraste leiar , eventuelt overordna leiing eller personalsjef.
- Tillitsvalde
- Vernetenesta
- Arbeidsmiljøutvalet
- Kontrollutvalet
- Ordførar eller andre politikarar
- Offentleg tilsyn og mynde som Arbeidstilsynet, Økokrim, Datatilsynet, Helsetilsynet eller liknande instansar

Varsling til offentlegheita (aviser, radio/TV, internett m.m.) er forsvarleg når interne varsel ikkje fører fram, eller ikkje fram står som mogleg for varslaren.

Målet med varselet må være å rette opp i det kritikkverdige forholdet, ikkje offentliggjere det. Offentleggjing må sjåast på som eit verkemiddel til å retta opp forholda.

8. Vern mot gjengjelding

Arbeidsmiljølova § 2 A-2 Vern mot gjengjeldelse ved varsling

(1) Gjengjeldelse mot arbeidstaker som varsler i samsvar med § 2 A-1 er forbudt. Overfor innleid arbeidstaker gjelder forbudet både for arbeidsgiver og innleier. Dersom arbeidstaker fremlegger opplysninger som gir grunn til å tro at det har funnet sted gjengjeldelse i strid med første eller andre punktum, skal det legges til grunn at slik gjengjeldelse har funnet sted hvis ikke arbeidsgiveren eller innleieren sannsynliggjør noe annet.

(2) Første ledd gjelder tilsvarende ved gjengjeldelse mot arbeidstaker som gir til kjenne at retten til å varsle etter § 2 A-1 vil bli brukt, for eksempel ved å fremskaffe opplysninger.

(3) Den som er blitt utsatt for gjengjeldelse i strid med første eller andre ledd, kan kreve oppreisning uten hensyn til skyld hos arbeidsgiver eller innleier. Oppreisningen fastsettes til det beløp som retten finner rimelig under hensyn til partenes forhold og omstendighetene for øvrig. Erstatning for økonomisk tap kan kreves etter alminnelige regler.

Gjengjelding mot arbeidstakar som har varsla i samsvar med AML § 2 A-1 er forbode ,jfr.§2A-2 (1) Dette gjeld både formelle og uformelle reaksjonar. Dersom arbeidstakar legg fram informasjon som tyder på at arbeidsgjevar har gjengjeldt i strid med lova, er det arbeidsgjevar som må gjera det sannsynleg at gjengjelding ikkje har funne stad. Saklege motargument og motbevis er ikkje å rekna som gjengjelding.

Arbeidstakar kan krevja oppreisning om det er gjengjeldt i strid med lova.

9. Handsaming av varsel

All sakshandsaming skal vera forsvarleg og liggja innanfor gjeldande regelverk.

1. oppretta sak

Den som mottok eit varsel må vurdere om det er grunnlag for å undersøkje varselet vidare. Varselet skal då registrerast som eiga sak i gjeldande sak- og arkivsystem. Alle dokument og aktivitet knytt til varselet skal registrerast i saka. Varslingssaker skal handsamast konfidensielt og det skal ikkje bli gitt tilgang til fleire enn det som er strengt nødvendig for å sikre ei god behandling.

2. vurdera eigen habilitet

Vurderinga skal gjerast etter fvl § 6 jf § 8

Dersom leiar er inhabil skal saka overleverast til næraste overordna som ikkje er involvert i saka.

3. undersøkja varselet

Personalavdelinga kan gi råd og rettleiing til leiar og vera med i gjennomføring av prosess.

4. konkludera

Vurdera fakta i varselet og konkludera om det er behov for korrigierende tiltak

5. tilbakemelda til varslar

Dersom varslaren ikkje er anonym skal han/ho få tilbakemelding om at varselet er motteke. Snarast mogleg og innan 14 dagar skal det opplysast om saksgang og når resultatet kan forventast å liggja føre. Tek det meir enn seks månader å få gjort noko med saka, må varslaren få melding om dette. Varslaren må og verta orientert dersom det viser seg at det ikkje er funne å vera noko kritikkverdige forhold. Orienteringa må gjevast på ein god måte slik at varslaren har moglegheit til å forstå kvifor saka vert avslutta.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/65-4

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	27/23	21.09.2023

Budsjett 2024 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Bømlo kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2024.

Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga for årsbudsjettet til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Budsjett 2024 for KU - talark til saka

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet» står det:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

I reglement for politiske organ, som er vedteke av kommunestyret 25.09.2013, ajourført i februar 2018 står det i pkt. 4.6.2:

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal laga forslag til budsjett, som skal følgja formannskapet si innstilling til kommunestyret.

I tråd med forskrifta og reglementet fremjar kontrollutvalet med dette sitt forslag til budsjett for 2024. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekkja. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet, i budsjettsaka, innstilla direkte overfor politisk organ.

Vedtakskompetanse

